



Dei 11 år gamle jentene startar i Tveitedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ternens Håvard Pedersen og Iver Andreas Blokkum var raskast av mennene i sprinten som Uskedal IL avvikla onsdag kveld i Tveitedalen. Dei spurta inn på 5,48 og 6,19 i si pulje.

Det vart fjerdeplass og sjuandeplass for to frå Uskedalen. Oddmund Soldal kom inn på 6,26 og Stig Berge Soldal på 6,44 i den 2 kilometer lange sprintløypa.



Emma Ripel fra Uskedalen har starta. (Foto: Tor Edward Taranger)
I trimklasse for kvinner under 50 år vart Helene Huse Bjørnebøle fra Uskedalen nummer 5.



Ingebjørg Haugland med fin innsats nok ein gang. (Foto: Ola Matti Mathisen)
I 10-årsklassa var desse frå Uskedalen med:



Kari Bråtun skuffa ikkje denne gongen heller. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Veslemøy Haugland, Ingvill E. Myklebust, Solveig Haugland, Maren Huse Bjørnebøle, Simon Taranger, Martin Hjelmeland Arnesen, Jakob Taranger, Viljar Tveit, Jarand Jensen Eide og Harald Myklebust Lekva. Ellers noterer vi desse plasseringane for deltakarane frå Uskedalen:

I finalen for jenter 11 år vart Solveig Haugland nummer 3 og Ingvill E. Myklebust nummer 6 og dei gjekk på 4,12 og 5,10.

I finalen for jenter 12 år vart Maren Huse Bjørnebøle nummer 3 med 4,59.

Johannes Haugland kom på tredjeplassen i finalen for gutar 12 år - med 3,30.

I jenter 14 år gjekk Kari Bråtun på 2,58 medan Ingebjørg Haugland vann i jenter 16 år med 2,42.

Av Ola Matti Mathisen